

Handlingsplan for klima og energi Stord kommune

2011 – 12

Oppfølging av klima- og energiplan 2008



Status for oppfølging av klima- og energiplan, 2008 – 2010
Tiltak for 2011- 2012

Innhold

Status for oppfølging av klima- og energiplan 2008.....	3
Handlingsplan 2010-11.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Naturgassprosjekt og forprosjekt for biogass i Sunnhordland.....	4
Tiltak 2011 – 2012	5
1 Kommunale bygg og drift	6
2 Kommunalt planarbeid.....	8
3 Informasjon, stimulering og nettverk.....	9
4 Anna.....	9

Status for oppfølging av klima- og energiplan 2008

Utbygging

Informasjon ovafor utbyggjarar og krav om energi- og effektivitetsbudsjett er godt innarbeidd i det daglege arbeidet i kommunen.

SKE-kf står for bygging av 21 hus med passivhusstandard.

Alternativt drivstoff

Det er per i dag 3 ladestasjonar for el- og hybridbilar i Stord kommune, 2 av desse er på Leirvik medan det er ein på Heiane. Fyllestasjon for naturgass er opna på Heiane.

Kommunale køyretøy

Kommunen har inngått intensjonsavtale med SKL om at 80 % av kommunen sine køyretøy skal nytte gass som drivstoff. Utfordringa vidare er å følge opp intensjonane om ein meir miljøvenleg bilpark.

Oppvarming av kommunale bygg og ENØK- tiltak

Det er ingen av dei kommunale bygga som har olje som anna enn reserveløysing til oppvarming. Det vert også kontinuerleg vurdert alternative oppvarmingskjelder der straum vert nytta til oppvarming i dag. Ved nybygg og større rehabiliteringsprosjekt vert vassboren varme vurdert.

I Stord kommunale eigedom kf sitt investeringsbudsjett sett av 2 millionar til brann, innemiljø og enøk- tiltak, som er m.a. er planlagd bruk til på ENØK tiltak i skular og barnehagar. Av større ENØK-tiltak på kommunale bygg er SKE- kf i gang med:

- Vurderar utvida bruk av varmpumper for energiattvinning, t.d. er dette aktuelt på rehabiliteringssenteret.
- Gjennomgang av ressurskrevjande bygg for identifisering av tiltak. Det vert starta med gjennomgang av kulturhuset med tanke på ENØK- tiltak.

Innkjøp

Stord kommune stiller krav til m.a. miljødokumentasjon frå sine leverandørar, og arbeidar stadig for betring av omsyn til miljø og etisk handel ved sine innkjøp.

Miljøsertifisering

Per i dag er to verksemder i Stord kommune sertifisert som miljøfyrtårn (per 17.02.11). Kommunen har no fått eigen sertifisør, og det vil verte satt i gang informasjonstiltak mot private verksemder for å oppmode til sertifisering. Fleire større verksemder i kommunen er allereie godt i gang med sertifiseringsprosessen. For kommunen sin del er det vedtatt at Rådhuset skal starte sertifiseringsprosessen for miljøfyrtårn. Gjennom handlingsplan for 2011-12 vert det planlagd sertifisering av dei resterande kommunale einingane.

Haldningskampanjar

Stord deltok både i 2009 og 2010 i kampanjen Earth Hour. Kommunen tilbyr også deltaking i gå og sykle til jobben aksjonen til sine tilsette.

Gang- og sykkelveg

Arbeid med hovudnett for gang- og sykkelveg i Stord kommune er ein del av prosjektet "Grøntstruktur, turveg og samanhengande gang- og sykkelveg", som igjen er ein del av prosessen med revidering av kommuneplanen. Tiltak vedrørende gang- og sykkelveg vil i hovudsak verte handsama gjennom den prosessen.

Miljøteknologi og miljøvenlege arbeidsplassar

SNU (Samspelsforum for næringsutvikling i Stord og Fitjar) har miljøteknologi som eit av sine største satsingsområde. SNU arbeidar for å synleggjere utfordringane verksemder har innan miljøteknologi, og bidreg med forslag til korleis rammevilkåra kan betrast. SNU har også etablert eit samarbeid med Forum for Miljøteknologi for å fremje interessene til industrien i Sunnhordland når det gjeld utvikling av nasjonale støtte- og finansieringsordningar for miljøteknologi. (Kjelde: snu.as)

Naturgassprosjekt og forprosjekt for biogass i Sunnhordland

SKL (Sunnhordland kraftlag) leverer per 24. juni 2010 naturgass til 150 husstandar, samt fleire lokale næringsverksemder som Heiane Storsenter og Aker Stord. SKL bidreg såleis i arbeidet mot målet å auke bruken av alternativ energi i kommunen.

I Stord sin klima- og energiplan frå 2008 vart det satt som mål å etablere minst eit anlegg for mottak/ distribusjon av naturgass. SKL sitt anlegg var ferdig i november 2008. Det vart også sagt at 22 km hovudleidning skulle vere ferdig innan 2010/11. Naturgassnettet er no på nærare 25 km. Fyllestasjon for naturgass vert etablert på Heiane. Stasjonen skal kunne dimensjonerast opp til å betene lastebilar og bussar, noko som kan verte aktuelt når anboda for kollektivtrafikken vert lyst ut på ny.

SKL har saman med SIM (Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS) , HOG (Hordaland olje og gass) og Stord kommune gjennomført eit forprosjekt for muligheit for produksjon av biogass i Sunnhordland. Det er eit mål å få etablert biogassproduksjon på Stordøya og fase inn biogass i SKL sitt naturgassnett. Biogassprosjektet er eit viktig ledd i arbeidet for å oppnå desse måla. Forprosjektet syner at det er marknadsmessig og økonomisk fundament for biogassproduksjon på Stord.

Tiltak 2011 – 2012

Handlingsplanen bygger på Klima- og energiplan 2008. Tiltaka tek hovudsakleg utgangspunkt i mål og tiltak frå denne planen, samt at aktuelle tiltak frå klimaplan for Hordaland 2010 – 2020 er tatt med. Handlingsplanen kjem *i tillegg* til handlingsplan for 2010-11. Førre handlingsplan gjeld enno, derfor er i utgangspunktet ikkje tiltak satt i handlingsplan for 2010-11 gjentatt her.

Det vert forventa at kostnadane innarbeidast i dei aktuelle budsjetta, det er ei føresetnad for gjennomføring av tiltaka i planen.

Forkortingar:

SKE-kf	Stord kommunale eigedom, kommunalt føretak
VTP	Veg – trafikk - park
SFLMK	Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor
Rådm.	Rådmannen
RBO	Regulering, byggesak og oppmåling

1 Kommunale bygg og drift

	Tiltak	Ansvar	År	Kostnad
1.1	Sertifisere kommunale skular og barnehagar som grønt flagg	Rådm	2011	1200,- ¹⁾
1.2	Sertifisere kommunale helsetenester som miljøfyrtårn	Rådm	2011	35.000,- ²⁾
1.3	Resterande einingar sertifiserast som miljøfyrtårn eller etter ISO 14001	Rådm	2012	
1.4	Etablere sikker sykkelparkering for tilsette og kundar/ besøkjande ved alle kommunale bygg.	SKE-kf	2011	
1.5	Utvide avgift på parkering i Leirvik sentrum	VTP	2011	

¹⁾Per eining per år ²⁾Ca pris per eining for sertifisering

1.1 Sertifisere kommunale skular og barnehagar som grønt flagg

Grønt flagg er ein del av den internasjonale ECO- Schools ordninga som vert eigd og drive av Foundation for Environmental Education (FEE). Grønt flagg samarbeidar med m.a. kunnskapsdepartementet og miljøverndepartementet.

Grønt flagg er ei miljøpedagogisk sertifiseringsordning retta mot barnehagar og skular. Satsinga kan vere ei drivkraft i miljøundervisninga, og bidreg til å integrere miljøansvaret hos både tilsette og elevar. Føremålet er å sikre ei berekraftig utvikling gjennom miljøopplæring.

Deltaking i grønt flagg har ei årsavgift på 1200 kr for kvar skule/barnehage som er med, totalt for Stord kommune vert det 19.200 kr (11 skular og 5 barnehagar).

Kommunen bør også informere private barnehagar om Grønt flagg ordninga, og oppmode dei til å delta.

1.2 Sertifisere kommunale helsetenester som miljøfyrtårn

Dette gjeld sjukeheimen, heimetenestene, eining for aktivitet og rehabilitering samt helsestasjonane. Bransjekrava som er aktuelle for desse einingane har hovudsakleg fokus på energiforbruk, avfallshandtering, trivsel og hmt.

Pris for konsulenttenester må avklarast for kvar eining. Det bør vere rimeleg å rekne totalpris på om lag 35.000 kr per eining. Vidare betalar eininga ein årleg medlemskontingent frå år 2. Antal årsverk ved eininga avgjer storleik på medlemskontingenten. T.d. er prisen for 30 – 49 årsverk 2900 kr.

1.3 Resterande einingar sertifiserast som miljøfyrtårn eller etter ISO 14001/ EMAS

Alle einingar i Stord kommune skal miljøsertifiserast. ISO 14001 og EMAS vert rekna som ei noko meir krevjande sertifisering enn miljøfyrtårn (mft). For meir "avanserte" tenester er denne likevel ofte det beste, dette gjeld særleg tenester det ikkje eksisterar bransjekrav for i mft- systemet. Enkle kontor- og serviceverksemdar bør sertifiserast som miljøfyrtårn.

Det bør vurderast å sertifisere dei einingane som delar lokale som ei verksemd. T.d. bør ein vurdere å sertifisere SKE bygget på Heiane, kulturhuset på Leirvik etc. samla for kvart bygg på same måte som ein sertifiserar Rådhuset som ei eining.

Kostnad ved sertifisering er avhengig av kor vidt ein får sertifisert fleire einingar i same prosess og kva sertifiseringsordning som vert vald.

1.4 Etablere sikker sykkelparkering for tilsette og kundar/ besøkjande ved alle kommunale bygg

Sykkel er eit effektivt og miljøvenleg transportmiddel. For at folk skal nytte sykkel til kortare reiser må det vere tilgang på sikre sykkelparkeringar, slik at ein kan vere trygg på å finne sykkelen att der ein gjekk frå den. Kommunen bør gå føre og etablere sykkelparkering for sine tilsette, og for besøkjande dei stadane det er publikumsretta tenester.

1.5 Utvide avgift på parkering i Leirvik sentrum

Når Stord kommune tilbyr gratis, subsidierte parkeringsplassar i Øvre Sæ og i parkeringshuset ved Turnhallen er dette ein stimulans til auka bilbruk. Me får ikkje folk til å gå, sykla eller ta bussen til jobben i Leirvik sentrum så lenge dei veit at dei har slike gode. Parkeringspolitikken må difor brukast aktivt til å styra / avgrensa bilbruken.

2 Kommunalt planarbeid

	Tiltak	Ansvar	År	Kostnad
2.1	Ved større utbyggingar utafør eksisterande tettstadar skal det krevjast klimarekneskap	RBO	2011	-
2.2	Det skal ikkje tillatast bygging lågare enn to meter over havet	RBO	2011	-
2.3	Oppfordre til bruk av alternativ energi til oppvarming i nye bustadfelt og større industribygg	RBO	2011	-

2.1 Ved større utbyggingar utafør eksisterande tettstadar skal det krevjast klimarekneskap

Hovudprinsippet ved utbygging må vere fortetting og utnytting av eksisterande sentrumsområde. Ved planlegging av større utbyggingar utafør desse områda skal det leggjast fram eit klimarekneskap som synleggjer ev. effektar av å leggje utbygginga utafør sentrumsområda.

2.2 Det skal ikkje tillatast bygging lågare enn 2 meter over havet

Det skal ikkje gjevast løyve til bygging av bustadar, næringsbygg eller anna lågare enn to meter over havet, for å unngå negative konsekvensar av framtidig stiging av havnivået. Unntak er særskilde bygningar som naust og tilsvarande.

Klimatilpassing skal vere ein naturleg del av alle kommunale arealplanar, samt kommunen sin risiko- og sårbarheitsanalyse. Ved revidering av kommunen sin klima- og energiplan vil tilpassing til klimaendringane også verte omhandla.

2.3 Oppfordre til bruk av alternativ energi til oppvarming i nye bustadfelt og større industribygg

3 Informasjon, stimulering og nettverk

	Tiltak	Ansvar	År	Kostnad
3.1	Infokampanje for miljøfyrtårn	sflmk	2011	
3.2	Medverka til at byggebransjen tek miljøvenlege val i høve ma byggteknikk, arkitektur og materiale	RBO		
3.3	Leggje til rette for bruk og produksjon av biogass	Rådm		-

3.1 Infokampanje for miljøfyrtårn

Miljøfyrtårnkontakt ved SFLMK vil i samarbeid med nærings-/utviklingssjef gjennomføre ein informasjonskampanje retta mot private verksemder i kommunen for å oppmøde til sertifisering som miljøfyrtårn. Dersom ein ser at det er hensiktsmessig bør ein leige inn føredragshaldar og invitere verksemder til informasjonsmøte.

3.2 Medverka til at byggebransjen tek miljøvenlege val i høve m.a. byggteknikk, arkitektur og materiale

3.3 Leggje til rette for bruk og produksjon av biogass

Støtte opp om gåande prosjekt for biogass.

Kjelder

Klima- og energiplan for Stord kommune, vedtatt november 2008

Handlingsplan for klima og energi, Stord kommune, 2010 – 11, vedtatt juni 2010

Gassmagasinet.no, "Stord viser Norge gassveien"

Forprosjekt – Muligheter for produksjon av biogass i Sunnhordland (upubl)

Klimaplan for Hordaland 2010 – 2020

Fee.no – Grønt flagg

Miljøfyrtårn.no – Miljøfyrtårn

SKL.no – småkraftverk

SNU - <http://www.snu.as/no/sider/Miljoteknologi/>